

NotatDato: 20.09.2018
Arkivsak: 2018/12865-14
Saksbehandlar: gunradd

Til:	Per Nordmark
Frå:	Gunhild Raddum

Innspel til fråsegn til KPA Masfjorden kommune**Samordna bustad- areal og transportplanlegging**

Bustadutvikling og næringsutvikling leggje føringar på transporttilhøva i kommunen. Fylkeskommunen viser til dei nasjonale måla som er nedfelt i *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging* som vart vedteken i 2014. Hensikta er at planlegging av utbyggingsmønstre og transportsystem skal leggje til rette for mest mogleg effektiv og miljøvennleg transport slik at transportbehova kan reduserast. Oppfølging av dei nasjonale målsettingane er innarbeid i regionale styringsdokument, til dømes i *Regional transportplan for Hordaland* og *Kollektivstrategi for Hordaland*.

I samband med uttale til Samfunnsdelen av kommuneplanen oppmoda vi kommunen om å leggje til rette for bustadbygging og arbeidsverksemder langs eksisterande vegsystem og kollektivaksar då eit mogleg kollektivtilbod avhenger av fortetting av få utvalte områder. Vidare bør ikkje eit bustadområde ligge lengre enn 500 meter frå ein haldeplass dersom kollektivtilbodet skal vere eit attraktivt og reelt alternativ til bruk av personbil.

I Kommuneplanens arealdel som no er på høyring er det skissert opp 19 områder for bustadbygging. Dei fleste av desse ligg langs eit eksisterande vegsystem med kollektivtilbod og det er positivt. Mange av område vil opne for få nye hus i eit område med allereie spreidd busetnad. Fleire av desse er ikkje tilknytt eit nærsenterområde og skuletilbod. Det vil og vere behov for utbetring eller etablering av ny avkjørsel til fylkesveg for nokon av områda, og som vegeigar er fylkeskommunen generelt bekymra for ein utvikling som legg opp til svært spreidd busetnad. Av omsyn til trafikktryggleik er det eit mål å kunne avgrense og om mogeleg redusere talet på avkjørslar på fylkesvegnettet. Dette krev ein medviten haldning til arealplanlegging der ein unngår spreidd besetning og behov for å etablere nye påkoplingar til det eksisterande hovudvegnettet.

Vi vil rå kommunen til å vurdere nokre av områda på nytt der det særleg vert lagt vekt på nærleik og tilkomst til skule og eit senterområde. Trygg skuleveg er eit viktig prinsipp som må gjelde i etablering av nye bustadområder, og som i større grad bør leggest til grunn i KPA for Masfjorden kommune. Barn og unge i Masfjorden kommune vil i stor grad vere avhengig av kollektivtransport, mellom anna til og frå skole. Vektlegging av områder med trygg og effektiv tilkomst til haldeplass er difor særst viktig. Vi minner om at

kommunen vil vere ansvarleg for skoleskyss grunna farleg skoleveg under 2 km (1. klasse) og 4 km (frå 2. klasse)

Fylkeskommunen er positiv til utvikling av nye bustadområder nær Hosteland, men vil tilrå at vidare utbygging av områder med lang veg til skole og manglande tilknytning til eksisterande vegnett vert vurdert på nytt. Døme på eit slikt område er B-13 Solheim.